

Referat årsmøte Varden Velforening 29.mars 2024

Sakliste:

1. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å signere årsmøteprotokoll. Nils Midjo vart vald til møteleiar, Kari Kaardal referent og Frode Myklebust og Oddvar Fimreite signerer årsmøteprotokoll. Sak 1 vart godkjent.
2. Godkjenning av innkalling. Sak 2 vart godkjent.
3. Godkjenning av styrets beretning. Nils la fram styret sitt arbeid dette året. Styret oppmoda om å føra vidare påskeafta-tradisjonen med eit dugnadsbasert skirenn. Takk til eldsjeler som er i gang med å førebu rennet. Velforeninga stiller med startnummer og premier. Det er føreslege å gjennomføre dugnaden 2024 andre helga i juli. Bommen på parkeringsplassen har hatt god driftsregularitet gjennom året. Under dette punktet kom det fram ynskje om å flytta ein stein som ligg ved bommen. Dersom ein flytter steinen ein halv meter til sida og set ei brøytestikke der, vert det plass for både bilar og folk som skal passere. Ein må heller ikkje gå over bommen. Skal ein inn på parkeringsplassen må bommen opnast. Ta kontakt med Olav Grøv om ein ynskjer meir brøyting enn avtalt. Under punktet Praksis P-plass i påske / vinterferie hadde styret notert seg tre viktige punkt som bør respekterast. Det vart framsett eit fjerde punkt om å parkere tett inntil kvarandre, om det e få bilar på plassen. Styret anbefalar at følgjande saker vert følgt opp fram til årsmøte 2025: Ferdigstille maskinell skraping og grusing av vegnettet i feltet. Sak 3 vart godkjent.
4. Godkjenning av rekneskap og revisorberetning for 2023. Harald Mo gjekk i gjennom rekneskap og budsjett for 2024 og 2025. Sjå vedlegg B. Revisjonsmelding for 2023, Sjå vedlegg C . Revisjonsmelding vart godkjent. Rekneskap vart godkjent.
5. Budsjett for 2024 og 2025 vart godkjent.
6. Godkjenning av kontingent for 2025. Kontingenten for 2025 (vedlegg D) vart godkjent.
7. Innmelde saker
 1. Påskeskirenn 2024 (orientering) Det vert påskeskirenn på påskeafta klokka 14.00. Frivillig innsats frå klokka 12.00. Det må ordnast med løyper m.m. Torill Fimreite Cirotzki har laga diplomar, medaljar og ein liten forundringspakke til alle deltakarane. Velforeninga stiller med startnummer og premier. Vel møtt!!! (vedlegg E)
 2. Velforeninga sine straumutgifter i Vasshuset (vedtak) (vedlegg E) Det kom inn eit forslag om at dei som ikkje vil leggja inn vatn betalar straumutgiftene sjølv til vasshus. Alle har tilgang til å leggja inn vatn sjølv, så då vert det feil at det blir ein fellesutgift. Styret behandla forslaget. Styret si innstilling til vedtak: «Forslaget vart avvist» Det vart ei ordveksling om

saka. Spørsmål som vart reist: Kven eig vasshuset? Vert straumen slått av då det vert varmare i veret? Kan me redusera utgiftene?

Nils kunne fortelja at Sigrid eig vasshuset og at straumen vert slegen av, Geir Fredheim sler av straumen.

Eit argument som kom fram var at mange ting er felles i Varden vel. Det kom fram eit argument om at vasshuset har eit juridisk aspekt. Det skal vera ein vasspost i Varden. Det heng ein hjartestartar i vasshuset, han treng eit oppvarma rom.

Undersøking om å redusere utgiftene følgjast opp av styret.

Det ble stemt over styrets forslag, dette fikk tilslutning og fordeling av utgifter til vasshuset fortsett som tidligere.

3. VKR høyring om endring av returpunkt (Vedlegg E) (vedtak)

Nils orienterte om saka. Velforeninga stiller seg positive til økt kildesortering. Ein ser det som naudsynt at brukarane opplev det som praktisk og enkelt. Ein er derfor negativ til at lokale returpunkt leggjast ned da det er 150-200 hytter i nærleiken.

Argument i saka:

- Ikkje alle har bil, nærleik til returpunkt naudsynt.
- Begrenset oppbevaringsplass for særlig rest- og matavfall på hyttene.
- Vil VKR tilby naudsynt utstyr for mellomlagring av avfall?
- Kan eksisterande returpunkt utvidast for kildesortering?
- Saknar ein endeleg og fullstendig plan for Filefjell og Tyinkryset, denne vil gi betre grunnlag for kommentarar.

Styret tek utgangspunkt i høyringa mot medlemmane og synspunkt som kom fram på årsmøtet. Dei vil svare på høyringa inn mot VKR.

8. Valkomiteen si innstilling (Vedlegg F)

Val av leiar, styremedlemmar, revisor og valkommite: Erik Bøe (leiar), Geir Fredheim, Idun Aasen, Terje Hundere, Kai Roger Hagen (Styremedlemar), Torill Nedberge Klevmark (Varamedlem), Oddvar Fimreite (Revisor), Wenche Hunderi, Einar Amlie Karlsen, Ivar Lien (Valkomite)

Sign 

Sign 